



Frammøtet var godt til auksjonen men salet gjekk tregt

Det møtta fram anslagsvis 150 på den store auksjonen i Helgheim i dag, men arrangementet fekk ikkje den vind i segla som det låg an til og som burde prega det.

Diverre la prinsippet om minstepris ein sterk dempar på auksjonen og hadde som resultat at mykje ikkje vart seld. Dte galdt i stor grad slikt som må kallast eksklusive antikvitatar. Over 200 gjenstandar vart presentert. Ein annan årsak til at auksjonen gjekk noko trått var at det ikkje kom nokre oppkjøparar dit.



Auksjonarius Oddmund Totland gjorde ein god jobb under vanskelege tilhøve. Her er han med ein av dei mange gjenstandane han ikkje fekk seld.

Den importerte og rutinerte auksjonarius frå Norheimsund, pensjonert skulemann Oddmund Totland gjorde ein god innsats under krevjande tilhøve, godt assistert av kona Marita og lokale hjelparar her i bygda.

Han klarte imidlertid ikkje å leggja skul på at han var frustrert over at så mange av gjenstandane måtte leggjast til side i denne omgangen. Dette var ein auksjon etter kommisjonsprinsippet og eigarane av tinga som vart lagt fram hadde åpenbart hatt for høge forventningar til marknaden.

Det tok seg heldivis noko opp mot slutten då nokre flotte åkle vart selde for relativt gode prisar.

Til dømes gjekk eitt frå 1883 for 2 200 kroner

Då vart det på sett og vis demonstrert korleis auksjonen skulle ha fungert.

Her er nokre døme på prisar på ting som trass i alt vart selde.

Kinne 600, symaskin 300, kiste frå 1877 1100,
2 lysestakar i messsing 300, kolle 600, 2 stolar 1400,
brennevinsdunk 750, kornsoll 450, krukke 400,
kaffebrennar 550, karder 200, jordmorkuffert 200,
lampe 500, spann 100, trau 1300, hekleduk 700,
hekleteppe 800.

Av det som ikkje var seld kan nemnast tutgrammofonen,
den tyske radioen, koaoga, lamper, skrin, kamferekiste og
andre kister, korger og Amerikakuffertar.

Det positive ved auksjonen var at arrangørane lærte korleis dei
ikkje skal gjera det - neste gong!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen. .



Marita Totland med ei kinne - ho vart seld!